

Endre Konglevoll
Hønsedalen 63
5912 Seim


**Lindås Kommune
Plan- og miljøutvalet
5914 ISDALSTØ**

UTTALE TIL REGULERINGSPLAN FOR SEIM SKULE.

Som grunneigarar på gnr. 171.br.6 får bygginga av fortau langs fylkesveg 402 konsekvensar for garden vår. Fylkesvegen deler garden i to, og me har fulldyrka mark på begge sider av vegen. Vegen på Vollane er over lang tid vorte køyrd ut , slik at han er idag mykje breiare enn den opprinnelege kjerrevegen som gjekk her. Dette er eit moment som må takast med når grunnavståing skal avtalast.

Det er trond for eit fortau som kan skilja gåande og køyrande . Særleg er dette viktig for skuleborna som skal ferdast her . Men det må vera eit overordna mål å skåna dyrka mark mest mogeleg og dermed sikra vidare gardsdrift. Viser også her til Fylkesmannen si motsegn i brev til kommunen 27.7.2011.

Etter det som kjem fram på plankartet ønskjer ein å leggja fortau på vestsida av vegen. For vårt vedkomande er et heilt uaktuelt at areal på **vestsida** av fylkesvegen vert teke. Her ligg noko av den beste bøen me har på garden. **Difor er neverande vegline på vest ei absolutt grense mot dyrka mark som ikkje skal rørast !** Skal fortauet byggjast vest for vegen, må ein ta i bruk noko av eksistrande veg til fortau og leggja fylkesvegen tilsvarande ut mot **aust**. På den måten tek ein vare på det beste jordbruksarealet . Sjå biletet 1.



BILETE 2



Sør for den rauden lagerbygninga er det støypt mur mot elva . Her kan vegen leggjast heilt ut på muren, samstundes som ein tek av eksisterande veg til fortau. Dermed unngår ein å ta av beste marka også her.

På vår gard får den planlagde endringa i avkøyring til gnr 171 br 53 og 57 også konsekvensar. Me ber om at kurven på innkøyringa vert gjort slik at det tek minst mogeleg av dyrka mark.



Vidare går me ut frå at dei inngrepa i terrenget vert gjort i samråd og etter synfaring med grunneigar. Avslutning av veg/fortau mot dyrka mark, må enten vera steinmur, eller lagast slik at arealet kan slåast med maskin.

Seim 5.1.2018

Endre Konglevoll (s)
-grunneigar gnr 171 br 6-